



Arkivnr: 2017/16767-1

Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.11.2017

Søknad om medlemskap i EARLALL - The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune er det fylket i Noreg som har satsa mest og breiast på EU sitt opplæringsprogram Erasmus+ som grunnlag for å vidareutvikle og tilpasse yrkesfaglege utdanninger til arbeidslivets behov, styrke det lokale/regionale samarbeidet og byggje kompetanse knytt til tenester som karriererettleiing, etablerarretteleiing og vaksenopplæring. I desse prosjekta har både bedrifter, kommunar, frivillige organisasjonar, vidaregåande skular og regionale statlege aktørar deltatt. Erasmus+ er eitt viktig reiskap for å nå måla i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Eit suksesskriterium for denne typen samarbeidsprosjekt er å få tilgang til gode partnarar i andre europeiske regionar, som har bygd opp kompetanse og har erfaringar på dette feltet og som ønskjer å vidareutvikle det saman med andre.

På bakgrunn av dette er det ønskeleg å søkje om medlemskap i organisasjonen EARLALL (The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning). EARLALL er ein europeisk interesseorganisasjon av regionale og lokale myndigheter som ønskjer å påverke europeisk politikk og styrke europeisk samarbeid innan livslang læring. Gjennom medlemsskapen vil vi få tilgang til eit nettverk av regionar og institusjonar som har vald å satse særskild på kompetanseutvikling og livslang læring.

Vest-Noregs Brusselkontor vil vere ein viktig samarbeidsaktør for å kunne få best mogleg utbytte av medlemsskapen.

Økonomi: Medlemskontingeneten (kr 31 798) vil bli dekkja gjennom administrative midlar som Hordaland fylkeskommunen får tildelt frå Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) for koordinering og gjennomføring av Erasmus+-prosjekta.

Klima: Ikke relevant

Folkehelse: Integrering i arbeidslivet er ei av målsettingane for arbeidet i EARLALL. Å vere i løna arbeid er eit av dei viktigaste folkehelsetiltaka vi har.

Regional planstrategi: Betre utdanningstilbod og betre integrering vil bidra til auka syslestting.

Forslag til innstilling/vedtak

1. Hordaland fylkeskommune søker som første norske fylke om medlemskap i EARLALL frå og med 2018.
2. Den årlege medlemskapsavgifta (kr 31 798) vert finansiert av midlar Hordaland fylkeskommune får frå SIU til administrativt arbeid knytt til koordinering og gjennomføring av samarbeidsprosjekt innan Erasmus+.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.11.2017

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok 3. oktober 2017 Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Hovudutfordringa i planen er korleis hordalandsamfunnet kan ruste seg for å handtere stadig nye krav til kompetanse i arbeidslivet på ein proaktiv måte. Planen har difor fokus på korleis utdanningsaktørane, næringslivet og offentleg sektor i Hordaland kan jobbe saman for å skape betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden.

Eit gjennomgåande prinsipp i planen er at arbeidslivets behov for kompetanse skal vektleggjast i større grad enn i dag, både i privat og offentleg sektor. Det set krav både til utvikling av nye utdanningstilbod, til dimensjonering av utdanningstilboda, til utarbeiding av etter- og vidareutdanningstilbod og til vaksenopplæring. Ungdom som skal velje utdanning, må vere førebudd på at dei må gjere fleire val i løpet av yrkeskarrieren, for at dei skal kunne vere attraktive på arbeidsmarknaden. Derfor er *livslang læring* heilt avgjerande for å nå måla i planen.

Handlingsprogrammet til planen omfattar ei rekke satsingsområde og tiltak. Dette krev eit tett samarbeid mellom aktørane i fylket, både utdanningsaktørane, næringslivet og kommunar. Det krev uttesting av nye idear og det krev ressursar.

Planen understreker at nokre av utfordringane og tiltaka vil kunne løysast betre i eit internasjonalt rom. Utveksling av elevar, lærlingar og studentar vil auke den internasjonale kompetansen deira og bidra til auka endringskompetanse. Internasjonalt prosjektsamarbeid kan også vere eit strategisk verkty for regional utvikling. Gjennom internasjonalt samarbeid kan ein utveksle erfaringar og finne løysingar på felles utfordringar i den regionale kompetansepolitikken.

Hordaland fylkeskommune har over fleire år nytta EU sitt opplæringsprogram Erasmus+ til å sende elevar og lærlingar på praksisopphald i Europa. I tillegg har vi i aukande grad nytta programmet til å bygge kompetanse hjå aktørar i fylket som grunnlag for å vidareutvikle og tilpasse yrkesfaglege utdanningar til arbeidslivets behov og styrke det lokale/regionale samarbeidet. Dette er gjort gjennom bygging av nettverk og partnarskap på lokalt nivå mellom bedrifter, vidaregående skular, kommunar og frivillige organisasjoner som saman har besøkt utdannings- og fagmiljø i andre europeiske regionar for å styrke sin kompetanse. I tillegg har ein nytta Erasmus+ til å bygge kompetanse innan karriererettleiing, etablerarretteleiing, vaksenopplæringa og for å forhindre fråfall i fylket. Hordaland er det fylket i Noreg som har satset mest og breast på Erasmus+ og som har henta inn mest midlar frå SIU (Senter for internasjonalisering av utdanning, som forvaltar dette programmet i Noreg).

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil frå no av vere ramma for det internasjonale samarbeidet på dette feltet. På den måten vil vi i fortsetjinga setje endå klarare retning på dei internasjonale samarbeidsprosjekta og sikre at dei bidrar til å nå dei måla fylkestinget har vedtatt.

For å lukkast i vår satsing på internasjonalt samarbeid er det av avgjerande betydning at vi finn gode partnarar til prosjekta våre. Hordaland fylkeskommune har over tid bygd opp eit godt nettverk, men vi ser at for å bidra til å nå måle i planen treng eit eit transeuropeisk sektorrettet nettverk av regionar som har vald å satse spesielt på samarbeid innan livslang læring. Det er difor ønskjeleg å søkje medlemsskap i EARLALL (The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning), etter tilråding frå Vest Noregs Brusselkontor, som har samarbeidd med denne organisasjonen over lengre tid.

Om EARLALL

EARLALL er ein europeisk interesseorganisasjon av regionale og lokale myndigheter som ønskjer å påverke europeisk politikk og styrke europeisk samarbeid innan livslang læring.

EARLALL blei etablert i 2001 etter initiativ frå Västra Götaland i Sverige. EARLALL har per i dag 13 europeiske regionar som medlemmar og om lag 40 organisasjonar er partnarar (universitet, bransjeorganisasjonar, m.m.). Medlemsregionane er: Baden-Württemberg og Rheinland-Pfalz (GE), Bretagne (F), Västra Götaland og Jämtland(S), Baskerland og Catalonia (ES), Piemonte, Toscana , Trento og Veneto (IT), samt Vidin District (BG).

EARLALL er basert i Brussel og blir forvalta av ei generalforsamling, medlemmane og representantskap for desse. Generalforsamlinga møtast årleg.

Noverande representantskap: President: Baskerland, Visepresident: Bretagne, Kasserer: Jämtland. Styre: Landesregierung Baden-Württemberg, Catalonia, Toscana og Veneto.

Styret blir vald for 2 år på generalforsamlinga. Neste generalforsamling er sett til 21.11.2017.

Tilbod

EARLALL tilbyr regionale og lokale myndigheter følgjande tenester:

- Politikkutforming - påverke europeisk politikk
 - Interesseorganisasjon for at regioner og lokale myndigheter skal ha ein meir sentral rolle i å utforme og implementere strategiar for livslang læring
 - Direkte kontakt med EU-institusjonar for å påverke og gjennomføre politikk på feltet
 - Alliansebygging - posisjonering i samband med nye initiativ og politikkområde
 - Medlem av "European Alliance for Apprenticeships" og "Life Long Learning Platform".
- Samarbeid om livslang læring
 - Teste eigne idear (peer review) – få nye perspektiv og utvikle ny praksis
 - Informasjon og råd, finansieringsmøgleheter og prosjektpartnarar
 - Tilgang til ei effektiv søkereneste for prosjektpartnarar. Utgjer eit stort europeisk nettverk innan offentleg forvalting, organisasjonar og kompetansemiljø
 - Delta i EU-finansierte prosjekt, arrangement og konferansar
 - Få tidleg varsling om relevante nyheter om EU sin politikk, t.d. utdanning, livslang karriererettleiing og opplæring, integrering, ungdomspolitikk, yrkesutdanning og mobilitet

Politisk involvering

Politikarane set prioriteringane på generalforsamlinga, og det dagelege arbeidet vert leia og utført av administrativt nivå i nettverket. Politikarane, eller ein utpeikt stadfortredar frå administrasjonen i dei einskilde regionane, deltek på den årlege generalforsamlinga og etter ønskje på konferansar og studieturar.

Aktivitetar

Medlemmane er aktivt involvert i EARLALL gjennom deltaking i møte, tematiske arbeidsgrupper, seminar og studieturar.

Tematiske arbeidsgrupper blir oppretta ut frå interesse og behov i regionane. Arbeidet i gruppene er i hovudsak knytt til prosjektutvikling og prosjektmøte som for ein stor del er finansiert av EU-program, t.d. Erasmus+. Gruppene er i hovudsak leia av representantar frå administrativt nivå i regionane.

Tematiske grupper per 2017:

- Mobilitet i yrkesutdanning (Baden-Württemberg)
- Aldrande befolkning (Jämtland)
- Ungdomspolitikk (Toscana)
- Livslang karriererettleiing (Bretagne)
- Integrering (Västre Götaland)

- Styrka kompetanse for auka tilgang til arbeidsmarknaden (Skills for employment in VET) (Catalonia)

Medlemskontingent

Medlemskontingenoten for Hordaland fylkeskommune er NOK 31 798 (€ 3,369.34). Dette er basert på eit grunnbeløp på €2500, innbyggjartal og BNP per person. Medlemskontingenoten vil bli dekka gjennom administrasjonspengar Hordaland fylkeskommune får frå Erasmus+-programmet knytt til koordinering og gjennomføring av prosjekt.

Kvifor er medlemsskap i EARLALL viktig for HFK?

Internasjonalt samarbeid skal vere ein integrert del av arbeidet i Hordaland fylkeskommunen. Gjennom internasjonalt samarbeid kan vi få ny kompetanse, utveksle erfaringar, teste ut idear og styrke innovasjonskrafta. I tillegg kan deltaking i europeiske program gi oss midlar til å finansiere regionale utviklingsoppgåver. Også hos våre regionale samarbeidspartalar og ikkje minst i kommunane er det aukande interesse for deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekta. Regionalavdelinga, Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse, har såleis registrert auka etterspurnad etter gode, relevante europeiske samarbeidspartnarar.

Hordaland fylkeskommune er allereie medlem i Nordsjøkommisjonen, der det både jobbast med politisk påverknad og prosjektutvikling. Prosjektutviklinga er her nært knytt opp til INTERREG (EU sitt program for regionalt samarbeid) og spesielt Nordsjøprogrammet. Tematisk er dette arbeidet retta mot marine ressursar, transport, klimaendringar og smarte regionar. Kompetanseutvikling er relevant også innanfor desse temaene, men det vil vere meir eit supplement til arbeidet i EARLALL

For å vurdere om medlemskap i EARLALL kunne vere nyttig for Hordaland fylkeskommune, har vi fått observasjonsstatus i 2017. På denne måten har vi kunne vore observatør på generalforsamlinga og har fått tilgang til nettverket i EARLALL. Dette har allereie gitt gode resultat. Gjennom EARLALL har fylkeskommunen fått partnarar til to prosjekt i 2017:

- Planseksjonen/Regionalavdelinga: Erasmus+ strategisk partnarskapsprosjektet 2017:
«Utvikle bærekraftige senter gjennom aktiv involvering av vidaregåande opplæring 2017-2019». (Italia, Spania, UK, Slovenia og EARLALL sjølv)
- Etablerarsenteret/Regionalavdelinga: Erasmus+ mobilitet Vaksenopplæringa 2017:
«Better start-up courses for immigrants 2017-2018». (Spania og Västre Götaland).

Det hadde vore svært vanskeleg å få kontakt med så gode og relevante partnarar til desse prosjekta utan tilgang til EARLALL-nettverket.

Det vi har registrert er at medlemsregionane i EARLALL er svært dedikerte og har ein genuin interesse for samarbeid på livslang-læringsfeltet. Dei fleste regionane har ei «internasjonal avdeling» som kjenner til utfordringane og verdien av internasjonal samarbeid, er aktive innan EU-prosjektutvikling og partnarsøk, og er støttespelarar for fagfolk og politikarar i sine regionar.

EARLALL tar tak i dagsaktuelle tema som integrering, livslang læring og karriererettleiing, regionane si koordinerande rolle i samfunnsutviklinga, entreprenørskap, kompetanse retta mot regionane sine behov, arbeidsløyse mm. Dette er tema som og er sentrale i våre regionale planar.

Hordaland fylkeskommune har vore eit foregangsfylke i Noreg på å utnytte moglegheitene i Erasmus+. Ved å melde seg inn i EARLALL vil vi også vise veg for andre norske fylke ved å delta i europeiske nettverk som er spissa mot kompetanseutvikling og livslang læring.

Kva krav set medlemsskapen til politisk og administrativ deltaking?

Hordaland fylkeskommune vel sjølv kor aktive vi vil vere i EARLALL, både på politisk og administrativt nivå. I Nordsjøkommisjonen legg Hordaland fylkeskommune inn ressursar både på politisk og administrativt nivå, i likskap med dei andre medlemsregionane. I EARLALL er det store skilnader mellom medlemsregionane i høve til politisk deltaking. Nokre regionar har politisk deltaking på generalforsamlinga, medan andre er berre representert administrativt. Fylkesrådmannen vil foreslå at politisk deltaking på generalforsamlinga frå Hordaland fylkeskommune blir vurdert frå gang til gang, avhengig av kva tema og saker som skal handsamast.

I arbeidsgruppene er det ikkje påkravd med politisk deltaking i motsetning til i dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen. Fylkesrådmannen vil prioritere administrativ deltaking i den eller dei arbeidsgruppene som har direkte relevans for dei prioriteringane vi har gjort i vår regionale plan for kompetanse og arbeidskraft og eventuelt ta initiativ til å opprette ei ny gruppe basert på våre behov.

Politisk og administrativ deltaking på konferansar, seminarar og øvrige møte må vurderast og prioriterast etter relevans og nytte.

Samarbeid med Vest-Noregs Brusselkontor (VNB)

EARLALL vil vere eit svært viktig supplement til VNB sine eigne nettverk. Det er regionane som kan vere medlem av EARLALL, ikkje regionkontora. VNB har formidla partnarsøk frå EARLALL tidlegare til medlemmane av kontoret, men VNB har ikkje kunna nytta EARLALL til partnarsøk for prosjekta til sine medlemmar (fylkeskommunar og kommunar).

I fortsetjinga vil vi nytte VNB aktivt for å få fullt utbytte av medlemsskapen, som til dømes å:

- Delta på konferanser og møte som EARLALL arrangerer - der vi ikkje sjølv har høve til å reise
- Arrangere «speed dating»-samlingar i Brussel i samarbeid med EARLALL for å få tak i partnarar til våre prosjekt
- Bidra i planlegging og gjennomføring av prosjektaktivitetar/-samlingar
- Spreie gode døme på prosjekt til eigne medlemmar for å auke bruken av Erasmus+
- Tilby sine lokale som fysisk møteplass for studie- og prosjektsamlingar